

Erik H Håtveit
Håvard Jønnardalen
Svein Arvid Tørre
Ove Kringlegarden
Kirsti Sandland
Jon Aslak Austjore

Referat frå styremøte på Bygdesentralen i Hjartdal 06.06.2011 kl. 15.00-17.00

Sak 28/2011 Innkalling og sakliste godkjent utan merknader

Referatsaker:

- Lesarinnlegg og brev v/Svein
Brev sendt til LD og NSG vart godt mottatt. Viktig og synleggjere TSG sine standpunkt i slike viktige saker.
- Møte Husdyrhallen vedr. Dyrskun 2011
Kirsti Sandland deltok på møte. TSG fyljer same opplegg for profilering som i 2010. Standen i Husdyrhallen vert bemanna av folk frå TSG og gjetarhundlaget. Klypping av sau kvar dag. Vonar å kunne nytte Gjetarhundlaget sine sauer. Kirsti og Ove arbeider vidare med opplegget.

Sak 29 /2011 Prosjekt sau – Telemark
Jon Aslak og Torhild orienterte om møte 24. mai. Det er ynskje om at TSG tek på seg eigaransvaret for prosjektet. Torhild lagar eit innspel, på bakgrunn av møtet, og sender til Amund (TB). Han fører prosjektplanen “i pennen”. Den vil bli tatt opp til behandling og godkjenning i dei ulike organisasjonane som er involvert.

Vedtak: Styret i TSG er glad for prosjektet og ynskjer å ta på seg eigarskapet.

Sak 30/2011 Beiteutval.
Beiteutval er under oppretting i store delar av austlandet. Det ville vore lurt å få det på plass i Telemark også. Svein har hatt kontakt med Aust-Agder. Signala derifrå var å opprette eit lite, handterbart organ. Det skal fungere som eit bindeledd mellom saubønder og forvaltninga (TSG og FM) Har kan ulike problemstillingar i forhold til beite diskuterast.

TSG ynskjer å opprette beiteutval som ein del av sau prosjektet.
Ynskjer at beiteutval vart valt på årsmøte i TSG 2012.

Sak 31/2011 Møteplan / arbeidsplan for 2011
Arbeidsplan for år 2011 og år 2012 vil bli omarbeidd

Sak 32/2011 Eventuelt